



Rusfri trafikk og livsstil

HORDALAND AVDELING

14. april 2015

Meland kommune
v/ordfører Nils Marton Aadland
Postboks 79
5906 Frekhaug

KRAV OM ALKOLÅS I ALLE SKULEBUSSAR I MELAND KOMMUNE.

MA Rusfri trafikk og Livstil, Hordaland avdeling ber om at du fremjar sak om at Meland kommune set krav ovanfor fylkeskommunen om at alle skulebussar skal ha montert alkoholås.

UP opplyser at det dagleg vert føretatt om lag 130.000 kjøreturar i rusa tilstand. Dette talet omfattar både alkohol, narkotika og medikamenter. Ca 30.000 er relatert til alkohol. MA har, sidan vi vart stifta i 1928, arbeidd med å få ein rusfri trafikk, både med opplysning, få innført promillegrense og tekniske hjelpemiddel.

Alkoholås er eit slikt teknisk hjelpemiddel som er kopla til bilen sin startar. For å få start på bilen må sjåfør gje ein pusteprøva, som blir analysert før ein kan starte. Dersom sjåfør har promille over 0,2, vil ein ikkje få start på bilen. Ofte les vi i avisene om trafikkulykker som skuldast at sjåfør har promille. Hadde bilen /bussen hatt alkoholås, ville ein unngått desse ulykkene.

MA sitt krav er at alkoholås skal vera montert i alle bilar innafor persontransport, godstransport og i trafikkskulane sine skulebilar.


Å få alkoholås i alle taxi og bussar knytt til skuleskyss er viktig. Born er det viktigaste vi har, å tryggja skulevegen for desse veit vi er ei viktig sak for Meland kommune. Dersom Meland kommune i tillegg set krav om at skuleskyssane i kommunen skal ha alkoholås – gjev de eit viktig signal til alle foreldre som kvar dag sender sine born med ein skulebuss – vi bryr oss, vi vil gjera borna sin skuleveg og skuleskyss så trygg som mogleg.

MA veit at det er fylkeskommunen som har ansvaret for persontrafikken / skuleskyssen i kommunane. Eit vedtak om krav om alkoholås frå din kommune er med å øva press ovanfor fylkeskommunen.

Ein buss i dag kostar i dag godt over ein million kroner. Å få ettermontert ein alkoholås kostar mellom 10 og 15 000 kroner – ei svært rimeleg forsikring. På nye busser og biler vert alkoholåsen bestilt direkte frå bilfabrikken som ein del av sikkerheitsutstyret.

MA har i dag ein alkoholåsbil i Hordaland, og dersom de ynskjer dette demonstrert, vil vi svært gjerne koma.

Vonar at du kan fremje dette som sak i Meland kommune.

Med helsing
MA – Rusfri trafikk og Livstil

Alf Seim
leiar Hordaland avdeling

Vedlegg: Alkoholås for trafikksikker transport, Utarbeidd av Statens vegvesen
MA sine faktaark -Alkoholåsinfo for politikere /embetsverk
-Noen fakta om alkoholås